



SURNADAL KOMMUNE AREAL OG
NATURFORVALTNING
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Therese Småland, 71 25 84 94

Vedtak i klagesak - Surnadal kommune - gnr/bnr 120/1 - gapahuk og fleirbrukssti

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal endrar Surnadal kommune sitt vedtak om etablering av fleirbrukssti og gapahuk på gnr/bnr 120/1 til avslag. Vilkåra for å gje dispensasjon er ikkje oppfylt. Saka er også mangelfullt utgreidd når det gjeld tiltakets moglege verknader på naturmangfaldet. Klagaren har fått medhald.

Vi viser til Surnadal kommune si oversending av klagesaka den 24. september 2025. Vi ber om orsak for lang ventetid.

Sakshistorikk

Saka har ei lengre forhistorie, der tiltakshavar Opp&Ut As ved Nina Torvik i 2024 tok kontakt med Surnadal kommune med planar om utarbeiding av eit større terrengsykkelanlegg i Torvika. I mars 2025 sendte dei inn ein formell søknad om anlegget. Kommunen sette krav til at eit slikt omfattande tiltak krev reguleringsplan for å kunne godkjennast. Planprosessen er no igangsett.

Etter samtalar mellom tiltakshavar og kommunen, vart dei einige om at éin av sykkelstiane, kalla Ørnhammarstien, samt ein gapahuk ved Stuasletthaugen kunne takast ut av reguleringsplanen og handsamast for seg sjølv. Argumentet var at tiltaket måtte vurderast på lik linje med andre turstiar i kommunen, sidan dette i praksis vert ein fleirbrukssti som bind bygdene Torvik og Stangvik saman.

Søknaden blei sendt på høyring til Møre & Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Instansane viste til at saka var noko mangelfullt opplyst, og bad elles om at kommunen må vurdere dei samla påverknadane på naturmangfaldet, naturskogverdiane, vassforvaltning, myr og friluftsliv ved behandlinga av saka. Høyringspartane gjekk ikkje direkte imot fleirbruksstien og gapahuken.

Kommunen ved hovudutvalet for tenesteutvikling innvilga dispensasjonssøknaden den 11. juni 2025 i sak 39/25 på vilkår. Byggesaka vart deretter vurdert og godkjent administrativt den 18. juni 2025, med ytterlegare vilkår knytt til seg.



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal blei kjent med vedtaka 2. juli 2025 og sendte klaga den 8. juli. Kommunen ved hovudutval for tenesteutvikling tok ikkje klaga til følge i møte den 17. september 2025 i sak 50/25. Dei sende saka over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd, sjå plan og bygningsloven (pbl) § 1-9.


Statsforvaltaren si rolle

Klaga er sendt inn innafør klagefristen og Statsforvaltaren kan behandle saka. Statsforvaltaren kan prøve alle sider av saka. Vi kan òg ta opp tilhøve som ikkje er nemnt i klagen dersom vi finn grunn til det. Dersom vi gir klagar medhald kan vi endre vedtaket eller oppheve det, og sende det tilbake til kommunen for ny behandling, forvaltningslova § 34.

Saka gjeld


Søknaden

Saka gjeld etablering av ein fleirbrukssti på om lag 5,3 kilometer, kalla «Ørnhammarstien». Stien går frå Oppistua Torvik til øvste del av Stangvikvegen. Bilete til venstre under viser traséen til fleirbruksstien som går på delvis opparbeidd sti over fjellet mellom dei to bygdene. I enden av den rosa traséen møter turløypa ein eksisterande grusveg. Tiltaket inneber òg ein gapahuk med grunnflate på 70 m² på Stuåslætthaugen.



Fleirbruksstien skal opparbeidast med eit grusdekke, med eit mellom 5 til 10 cm tjukt lag av morene- og veggrus. Stien vil ha ei samla breidde på 110 cm, og får ei rekke møteplassar der vegbreidda er om lag det doble. Over bekkar, mindre elver og liknande blir det bygd tømmerbruere. Bruene blir overdimensjonert for å gjere det mogeleg å køyre mindre maskiner over bruene ved behov for vedlikehald på stiane. Bruene vert frå ca. 2,5 til 5 meter lange. Det vert også etablert rekkverk dersom terrenget ligger meir enn ein halv meter under brua. Rekkverka vert 90 cm høge.

Tiltaka er tenkt etablert som del av eit større anlegg, med etablering av ein sykkelpark og utvikling av området som ein reiselivsdestinasjon. Opp&Ut AS har eit mål om å bli ein heilårleg reiselivsdestinasjon med ulike overnattingsplassar, kafé og restaurant, og opplevingar som randonéeløype, klippestup, badeanlegg og sykkelpark. Oversiktsbiletet til høgre viser alle planlagde trasear for Ugla sykkelpark, som vil bestå av totalt 4 ulike anlegg. Totaliteten vil bestå av sykkelstiar som oppsyklingsstiar, singeltrackstiar og maskinbygd flytstiar fordelt på dei fire anlegga.





Plangrunnlag

Tiltaka er ønskt utført på eigedomen gnr/bnr 120/1, som i gjeldande kommuneplan for Surnadal er sett av til landbruks-, natur- og friluftsførmål (LNF). I LNF-områder kan det hovudsakleg berre tillatast tiltak som er knytt til aktivt landbruksdrift, men også i avgrensa grad enkel tilrettelegging/vedlikehald for allment friluftsliv. Det er ikkje tvilsamt at fleirbruksstien med sitt omfang er eit tiltak i strid med LNF-førmålet.

Kommunens vedtak og klaga

Kommunen har vurdert at Ørnhammarstien kan nyttast som eit turområde både til fots og på sykkel. Den er planlagt å ha slik standard at den òg er tilgjengeleg med rullestol og barnevogn, og vert eit etterspurt tilskot til friluftsinfrastrukturen i kommunen. Sidan denne eine stien ligg innanfor eit avgrense område, vurderer kommunen ulempene til å vere små. Kommunen innvilga dispensasjon med vilkår som sikrar at landbruks-, natur- og friluftsverdiar i området blir ivareteke.

Naturvernforbundet meiner på si side at vedtaket er ugyldig grunna sakshandsamingsfeil, og at prosjektet i sin heilskap bør planleggast gjennom reguleringsplan. Dette er grunngjeve med at:

- Dersom ein skal gje dispensasjon og vege fordelar mot ulemper, må desse momenta vere kjent. I denne saka er kunnskapsgrunnlaget om artar og naturtypar i området for dårleg og ikkje i samsvar med reglane i naturmangfaldlova.
- Det er ikkje utarbeidd ei konsekvensanalyse.
- Påverknaden på økosystemet må vurderast utifrå den samla belastninga den er eller vil verte utsett for. Ein må difor sjå dei heilskaplege planane for området i samanheng.
- Vilkår som er sett for dispensasjonen er i praksis forhold som må avklarast før vedtaket blir gjort.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren vil først vurdere klagepunktet som gjeld mangelfulle vurdering etter naturmangfaldlova. Vi vil deretter ta stilling til om vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte.

Krav til kunnskapsgrunnlag og vurdering av samla belastning

Det følgjer av forvaltningslova § 17 at eit forvaltningsorgan skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak blir gjort. Føreseigna gir eit kvart forvaltningsorgan eit sjølvstendig ansvar for at vedtaket blir gjort på eit forsvarleg kunnskapsgrunnlag. Kor omfattande og nøyaktige undersøkingar som må gjerast vil variere ut frå kva saka gjeld og kva interesser som gjer seg gjeldande.

I saker som omhandlar natur og naturmangfald er undersøkingsplikta supplert av naturmangfaldlova § 8 jf. § 7. Offentlege avgjerder skal så langt som råd byggje på vitskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon, naturtypane si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader.

Kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Kunnskapsgrunnlaget må byggje på oppdatert kunnskap på det tidspunktet forvaltningsorganet gjer vedtak. Utgangspunktet er at forvaltninga skal halde seg til allereie kjent kunnskap, men dersom det er gjort oppdateringar i Norsk raudliste for artar eller naturtypar, eller det er kome vesentleg ny kunnskap mellom søknaden og vedtaksdatoen, skal kommunen leggje til grunn den nyaste kunnskapen. Forvaltningsorganet må eventuelt innhente oppdatert kunnskap dersom eksisterande kunnskap viser seg å vere utdatert.



Oppsummert må forvaltninga ta omsyn til kva som finns av kunnskap frå før, indikasjonar på manglande kunnskap, og kostnaden med suppleringar. Det hjelp lite å vite kva slags natur som finnes i eit område dersom ein ikkje veit om og eventuelt korleis vedtaket vil verke inn på denne naturen.

For å få kunnskap om effekten på naturmangfaldet, må ein sjå på den samla belastninga det aktuelle naturmangfaldet er eller kan bli utsett for. Prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning i nml. § 10 skal sikre at dei ulike påverknadsfaktorane vert sett i samanheng og at den totale belastninga på artar, naturtypar og økosystem ikkje overstig tolegrensa i §§ 4 og 5.

Prinsippet om samla belastning skal også motvirke ei «bit-for-bit-svekking» av naturmangfald og gradvis forvitring av leveområde for enkelte artar. For å kunne gjere desse vurderingane, er ein avhengig av tilstrekkeleg kunnskap om artane i eit området, korleis dei vert påverka med tiltaket, andre eksisterande eller planlagde tiltak i same område, og korleis desse artane eller naturtypane er påverka av andre relevante faktorar.

Prinsippet om «føre-var» etter § 9 viser også at dersom ein har mangelfull kunnskap om kva påverknad ei avgjerd har for naturmangfaldet, skal ein søke å unngå mogeleg vesentleg skade.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saka

Vi har sett på kva for kunnskapsgrunnlag som ligg til grunn for vedtaka i denne saka. I saksframlegget til dispensasjonsvedtaket vart det opplyst at området ikkje er kartlagt for naturmangfald, og at kunnskapsgrunnlaget er vurdert som noko svakt. Vidare står det:


«Deler av traseen kommer i konflikt med ein art som er unntatt offentlighet for å unngå å underlette handlingar som skader arten, for eksempel faunakriminalitet og forstyrrelser fra skuelystne. Informasjon om den arten er i et eget vedlegg som er unnateke offentlighet.

Dei einaste raudlisteartane som er registrert i opne databasar i området er gaupe. Gaupe er oppført på raudlista som sterkt trua på grunn av at bestanden er vurdert å være under 250 reproduserande individer. Truslar er både lovleg og ulovleg jakt. Med den informasjon vi har no er det ikkje noko som tilseier at området er viktigare for gaupe enn andre områder, man finner gaupe i dalsidene i heile Surnadal kommune.

Mange rovfuglar hekker i trær og fjellhyller i bratte skråningar der dei kan være uforstyrre av ferdseil på grunn av at desse områda er utilgjengelege. Dette gjeld spesielt om det er lite forstyrrelser over og under skråningane. Skråningen frå Soløyneset til Torvikneset oppfyller begge kriteriane og har derfor stor potensiale for rovfuglehekking. Anbefalt avstand mellom rovfugleir og stier er 250-750 meter.»

Det vart gjennomført ei kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Surnadal kommune i 2005, basert på feltarbeid i 2003, etter dagjeldande krav. Det vart då ikkje gjort funn av truga naturtypar i dette området. Kommunen har seinare vore gjenstand for supplerande kartleggingar både i 2008 og 2011, utan at det er lagt inn registreringar av truga naturtypar i Naturbase.

Kartleggingane i Surnadal er ganske godt geografisk spreidd, men ein har fokusert på område som ligg under skoggrensa og langs vassdrag. Sjå utklipp til høgre frå kartleggingsrapporten som grovt syner feltarbeidet i 2003 som ligg til grunn for funna.





Prestegardselva naturreservat ligg like sør for tiltaksområdet. Reservatet inngår i verneplan for myr sidan 1996, med formål om å ta vare på eit svært rikt og fint utvikla bakkemyrlandskap. Bortsett frå dette området er det ikkje kjent at det er gjennomført andre konkrete kartleggingar av myrområde eller andre naturtypar i det området som den planlagde traséen skal gå.

Gjennom tilgjengelege databasar er det lagt inn fleire registreringar av gaupe. Gjennom sensitiv artsdata er det i området også treff på artar som vert negativt påverka av menneskeleg aktivitet og som ein difor ikkje skal fastsetje eksakt lokaliteten til. I tillegg er det gjort fleire registreringar av jerv.

Både gaupe og jerv er registrert i raudlista som sterkt trua. Elles er det berre spreidd og tilfeldige registreringar av ulike raudlista fugl- og planteartar. Ein kan difor ikkje leggje til grunn at dei registreringane som er gjort utelukkar at det kan finnast andre verdifulle artar eller naturtypar her.

I samband med søknaden har tiltakshavaren utarbeidd eit notat kalla «konsekvensanalyse» der konsekvensane for naturmangfaldet ved utbygging av Ugla Sykkelpark vert skildra. I notatet er det gjort greie for kva for dyreliv og natur som finnes i dei ulike delane av området og langs stien, og korleis dei fysiske inngrepa skal tilpassast naturen så godt det let seg gjere. Det er også gjort greie for korleis auka aktivitet og bruk av motorisert ferdsel i området er antatt å verke inn på ville dyr og beitedyr.

Store delar av området stien går gjennom er registrert som biotop for orrfugl, men det er ikkje gjort kartleggingar av leik-område og bestand. Tiltakshavar har sjølv gjort ei kartlegging av orrfugl langs traseen til Ørnhammerstien, og konklusjonen er at det ikkje er spellassar som vert påverka av tiltaket. Andre kunnskapskjelder finnes ikkje.

Vår vurdering av kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er etter vårt vurdering svakt og inneheldt lite oppdatert kunnskap.

For det første har lista over truga naturtypar i stor grad blitt endra sidan førre kartlegging i 2008, men det har ikkje vore utført kartleggingar i området sidan då. I Statsforvaltaren si fråsegn til dispensasjonssaka står det at særleg kunnskapsgrunnlaget om fugl er svakt. Her vart det poengtert at om lag 40 % av Noregs fugleartar er på raudlista og har tilbakegang.

Fleirbruksstien er søkt etablert i eit område som per i dag ikkje, eller i liten grad, er påverka av menneskelege byggetiltak. Både eksisterande kunnskapsgrunnlag og tiltakets omfang gir grunn til å undersøke om etablering av stien kan få negative konsekvensar for både hekking og næringssøk for fugleartar. Utan tilstrekkeleg kunnskap om kva artar som høyrer heime i området, og korleis desse vert påverka, er det vanskeleg å ta stilling til korleis inngrepa og den auka menneskelege aktiviteten kan verke inn på naturmangfaldsverdiane. Vi kan ikkje sjå at kommunens vedtak er gjort med positiv kjennskap til slikt.

Vi vil også vise til at delar av tiltaksområdet består av djup myr som har stor verdi for CO₂-fangst og lagring. Myr er viktige økosystem og levestad for eit stort biologisk mangfald, og bidreg i tillegg til flaumdemping. Regjeringar har sendt eit lovforslag med forbod mot nedbygging av myr på høyring.

Tiltakshavar har vist til at det i parti der stien må krysse myr, skal det leggjast stokkar, armeringsduk og veggrus, og at vatnet dermed naturleg vert leia vekk frå myra. Korleis denne oppbygginga av stien verkar inn på myra og artane som lever der, er på si side ikkje gjort greie for eller vurdert. Dette gjeld særleg sidan det i liten grad er dokumentert kva for naturmangfald som finnes i myrområda.



Statsforvaltaren vektlegg også at sjølv om tiltakshavarane kjenner naturen og mange av artane i området, ligg det ikkje føre rapportar frå fagpersonar som kan kome med sine objektive vurderingar av forholda. Etter nml. § 8 er det krav om «*vitenskapelig kunnskap*», noko som er omtalt slik i rettleiaren til lova kapittel 2 punkt 6.2.1:

«Vitenskapelig kunnskap er kunnskap fremskaffet ved hjelp av vitenskapelig metode. Kunnskapen skal være objektiv og må kunne etterprøves av fagfeller. Den kan være basert på konkrete funn og observasjoner ved for eksempel kartlegginger, overvåkning eller forskning.

(...)

Erfaringsbasert kunnskap (som kan vektlegges etter § 8 andre ledd) omfatter bare kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer. Enkeltpersoners observasjoner rundt svingninger i småfuglbestanden er dermed ikke erfaringsbasert kunnskap etter § 8. Det er heller ikke forvaltningens egen kunnskap som er opparbeidet ved behandling av saker. Denne kunnskapen kan likevel være relevant i en sak, jf. forvaltningsloven § 17s plikt til å påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.»

Som vist over er det eit krav om at ein vurderer den samla belastninga som eit område er eller vert utsett for. Vi ser ikkje spor av slike vurderingar i denne saka, til tross for fleirbruksstiens omfang og at det ligg føre konkrete planar om å utvide området til næringsaktivitet, ein større sykkelpark og liknande menneskeleg aktivitet i samband med den påbegynte reguleringsplanen. Kunnskapsgrunnlaget er etter vårt syn difor også for svakt når det gjeld den samla belastninga for naturmangfaldet i dette området.

Dispensasjonsvurderinga

Kommunen kan gje dispensasjon dersom begge vilkåra i plan og bygningslova § 19-2 er oppfylt:

- «*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.*»
- «*Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.*»

Statsforvaltaren vurderer først om det første vilkåret i § 19-2 er oppfylt. Vi må då ta stilling til korleis landbruks-, natur- og friluftslivstiltak og omsyna i plan- og bygningslovas føremålsparagraf blir påverka av tiltaket.

Område avsett til LNF-formål er meint å vere naturområde utan byggetiltak. I lovforarbeida står det at LNF-formålet skal brukast for naturområde og naturområde med spesiell betydning for friluftslivet. Dei store utmarksareala i høgfjellet, skogsområde og tynt busette delane av kysten skal leggest ut til dette arealformålet.

Arealføremålet opnar for at det kan gjerast nødvendige byggetiltak for landbruksnæringa, samt at det til ein viss grad kan leggest til rette for enkle friluftslivstiltak. Dette kan til dømes gjelde utlegging av kloppar og stein på turstiar. Større tilretteleggingstiltak for friluftslivet vil falle utanfor LNF-føremålet ettersom arealformålet sikrar natur- og landskapsverdiar i seg sjølv.

Føremålet med tiltaket er å knyte saman bygdene Stangvik og Torvik, samtidig som ein opparbeider ein fleirbrukssti som skal tiltrekke seg fleire brukarar og nye brukargrupper, slik som sykkelturistar. Stien er ein del av eit mykje større prosjekt som skal leggje til rette for ei storstilt turistsatsing i området. Det er sykkelstiar i naturen som ligg i kjerneområdet av prosjektet.



Heile fleirbruksstien vil gå gjennom eit LNF-område som er del av eit større samanhengande naturområde med få tidlegare naturinngrep. Frå før finns berre enkelte tradisjonelle turstiar som har utvikla seg gjennom bruk av naturen, utmarksbeite og skogsvegar brukt primært til grunneigarens uttak av skog.

Fleirbruksstien er eit stort tiltak både i lengde og omfang. Sjølv om kommunen omtalar området som eit populært område for tur, børsanking, skigåing og til dels sykling i dag, legg fleirbruksstien til rette for ein heilt anna trafikk enn tidlegare.

Også sjølve terrenginngrepa er store. Den fleirbruksstien som er under opparbeiding går tydeleg utover vanlege turstiar både med tanke på breidde på vegane og dei tilretteleggingstiltaka som vil skje gjennom heile traséen. Inngrepa tiltaket føreset, både med gruslagd sti, gapahuk, klopper og bruer vil endre naturområdet sin karakter. Sjå illustrerande bilete nedanfor som kjem frå Ugla Sykkelpark sin konto på sosiale media.



Vidare har tiltakshavaren som nemnt starta opp eit reguleringsplanarbeid i området. Store deler av «Ørnhammarstien» ligg innanfor plangrense for den påbegynte reguleringsplanen. Det ligg dermed føre tungtvegande grunnar for at ein ser heile planområdet under eitt, og at fleirbruksstien også blir avklart gjennom planprosessen. Dette gjeld også den resterande delen av Ørnhammarstien fram til Torvik som ikkje er del av planområdet. På den måten kan ein i planprosessen gjere naudsynte og heilskaplege utgreiingar knytt til heile tiltaket.

Som skildra over baserer vedtaka seg på eit eldre og mangelfullt faktagrunnlag når det gjeld kva naturmangfaldsinteresser som gjer seg gjeldande i området. Dei tiltaka som er godkjent inneber forholdsvis store terrenginngrep i dette utmarks- og skogsområdet. Vidare vil tiltaket føre til endringar av området frå eit tur- og friluftsområdet med utmark, skogsdrift og beiteareal, til eit næringsareal for satsing på turisme. Korleis den auka trafikken og tilretteleggingstiltaka vil få for naturverdiane og dyrelivet, både direkte og indirekte, er forhold som må greiast ut gjennom ein planprosess, med eventuelt tilhøyrande konsekvensutgreiing.

Oppsummert vil ein dispensasjon for etablering av ein 5,3 km lang fleirbrukssti og ei gapahuk innebere ei vesentleg tilsidesetting av fleire av dei omsyna som LNF-formålet og lova sin føremålsparagraf skal ivareta. Vilkåret for å innvilge dispensasjon er ikkje oppfylt, og vi endrar kommunen sitt vedtak til avslag. Klaga er tatt til følgje.

Det andre dispensasjonsvilkåret er at fordelane med å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene. I vurderinga er det i all hovudsak arealbruksomsyn som kan vektleggast. Dette er omsyn som kviler på lova si formålsparagraf, og omsyn som elles er relevant å vektlegge i arealbrukssaker.



Statsforvaltaren ser at kommunen har vektlagt at ei kanalisering av allereie eksisterande ferdsel etter forholda kan vere ein stor fordel i dette området, og at tiltaka vil gjere området tilgjengeleg for fleire. Desse argumentet vil etter vårt syn ikkje kunne vektleggast tungt sidan fleirbruksstien nettopp er meint å skape eit turistområde som ikkje er der i dag. Fordelane av difor avgrensa vekt.

Overordna sett er forholda i denne saka knytt til tiltakshavarane sine ynskjer om å opparbeide eit anlegg som inngå i ei framtidig større turistsatsing. Eit slikt tiltak bør i sin heilskap inngå i ein reguleringsplan der ein får sett på korleis desse tiltaka verkar inn på området. Tiltaket er stort både når det gjeld stiens lengde og breidde, og at den går gjennom eit relativt stort og urørt naturområde. Ein dispensasjon sett til side kommuneplanen som styringsdokument og omsynet til ein føreseieleg arealforvaltning.

Det er også ein tydeleg og viktig ulempe i denne saka at ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om kva for naturverdiar som vert påverka av tiltaket direkte eller indirekte. Det vil også bli utfordrande å få vurdert den samla belastninga som området vert utsett for no og i framtida sidan Ørnhammarstien ikkje er del av den større reguleringsplanen.

Det andre dispensasjonsvilkåret er difor heller ikkje oppfylt.

Statsforvaltaren sitt vedtak

Statsforvaltaren endrar Surnadal kommune sin vedtak om dispensasjon og løyve til etablering av fleirbrukssti og gapahuk på gnr/bnr 120/1, i dispensasjonsvedtaket i sak nr. 39/25 og byggesaksvedtak BYGG-25/00061, til avslag. Vilkåra for å gje dispensasjon er ikkje oppfylt.

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, sjå forvaltningslova § 28.

Partane har fått kopi av dette brevet, og er dermed orientert om vedtaket.

Dersom Naturvernforbundet har krav om å få dekt sakskostnader, må kravet sendast innan tre veker etter at partane fekk dette brevet. Kravet skal avgjerast av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, jf. forvaltningsloven § 36.

Med helsing

Andreas Welle Rusten (e.f.)
seniorrådgivar

Therese Småland
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

**OPP & UT AS
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG
ROMSDAL**

**Torvikvegen 740
c/o Øystein Folden
Rasta 4**

**6652 SURNADAL
6630 TINGVOLL**